

Hei.

Viser til telefonsamtale tidligere i dag ang. behandling av søknad om dispensasjon/rammeløyve. Søknad om dispensasjon vil bli handsama i første omgang. Søknad om rammeløyve må gjerast komplett med søknad om tilkopling til vatn og utsleppsløyve.

Etter samtalen med deg, ser at det ikkje går fram av søknaden korleis kravet til parkering i kommunedelplanen § 1.3.8 er tenkt løyst. Kravet til parkering føl av parkeringsvedtektene til Lindås kommune, sjå vedlegg eller <http://www.lovdatab.no/for/lf/bv/xv-lindaas.html#map008>.

Fint om du kan sjå på dette og gje meg tilbakemelding.

Med helsing

*Siril T. Sylta
Rådgjevar
Byggesak
Areal- og miljøeininga
Lindås kommune*

30. juli 1998 nr. 787

Til § 69 nr. 3:

1. Ved søknad om byggetillatelse og ved utarbeiding av utbyggingsplanar og reguleringsplanar skal det gjerast greie for plassering av dei anlegga som nemnt i § 69 nr. 1. Dersom slike anlegg er dekkja inn på tilstøytande areal, må dette dokumenterast. Anlegget må synast i samanheng med køyreveggar, gangveggar og friareal. Kommunen kan påby endringar i innsende planar etter retningslinjer som kommunen trekkjer opp. Kommunen kan m.a. krevja at verdifullt landskap og vegetasjon skal takast vare på.
2. Ved planlegging av biloppstillingsplassar skal følgjande reglar leggjast til grunn:

– Einebustad	2	plassar pr.	bustad
– Einebustad m/hybelhusvære	3	plassar pr.	bustad
– Bustader i gruppe m/felles parkeringsareal og mindre enn 10 husvære	2	plassar pr.	husvære
– Bustader i gruppe m/felles parkeringsareal og fleire enn 10 husvære	1,5	plassar pr.	husvære
– Hybelhusvære	0,8	plass pr.	husvære
– Forretning – kontor	1	plass pr. 40 m ²	br.g.ar
– Varehus, kjøpesenter, større kontor og forretningsområde	1	plass pr. 30 m ²	br.g.ar
– Industri, verkstad og lagerbygg	1	plass pr. 100 m ²	br.g.ar
– Bilverkstad, servicestasjon	1	plass pr. 30 m ²	br.g.ar
– Forsamlingslokale, kafear, restaurantar	1	plass pr. 10 m ²	br.g.ar
– Barne- og ungdomsskular og	1	plass pr. tilsett	
– Vidaregåande skule, barneinstitusjon og	1	plass pr. 15 elevar	
– Hotell	1	plass pr. 15 elevar	
– Sjukeheim og	0,3	plass pr. soverom	
	1	plass pr. seng	
		plass pr. tilsett	

Brutto golvareal skal reknast etter NS-3940.

Desse reglane gjeld også ved bruksendring, jfr. § 69 nr. 5.

For alle aktuelle utbyggingstypar kjem i tillegg til krav om biloppstillingsplassar krav om laste- og losseplassar. Talet på desse må vurderast i kvart enkelt høve. Utbyggingstypar utanom dei ovanstående må vurderast konkret av kommunen i

kvart einskilt høve.

Kommunen kan krevja at turvande tal parkeringsplassar skal vera opparbeidde før ferdigattest vert gjeven. Oppstillingsplass for motorsyklar og sykklar skal avsetjast på eiga tomt eller fellesareal for fleire tomter. Kommunen kan i særlege høve skjerpa/lempa krava i denne vedtekta.

3. Som vedlegg til søknad om byggetillatelse og ved utarbeiding av utbyggingsplan og reguleringsplan skal følgja plan for utforming av leikeplassar, murar, sikringsgjerd, terrassering, planering, beplanting, søppeloppbevaring, private køyre- og gangveggar og oppstillingsplassar for køyretøy og sykklar.
4. Ved planlegging av leikeplassar for barn og unge i samband med søknad om byggetillatelse og ved utarbeiding av reguleringsplanar og utbyggingsplanar for bustader, skal følgjande leggjast til grunn: Dei einskilde leikeplassane skal ha gode soltilhøve, eigna terreng, vera lett tilgjengeleg og skal plasserast på trafiksikker stad. På delar av leikeareala skal knausar, bakkar, tre og buskar som gir utfordring til klatring og balansering bevarast og nyttast utan opparbeiding. Vidare bør det om mogeleg leggjast til rette for aking. Det skal gå tydeleg fram av planane kven som er eigar(ar) i friområda/fellesareala. For dei delar av leikeareala som må opparbeidast skal desse areala vera planerte og grusa saman med utbygginga av dei kommunaltekniske anlegga.
 - 4.1 Sandleikeplass/næroleikeplass skal tilretteleggjast i kvar bustadgruppe med frå 4 til 25 bustadeiningar. Plassen som skal vera minimum 100 m², skal utstyrast med sandkasse og bord med benkar. Det bør om mogeleg vera utsikt til leikeplassen frå bustadeiningane som soknar til leikeplassen.
 - 4.2 Kvartalsleikeplass skal tilretteleggjast for kvar bustadgruppe med frå 25 til 200 bustadeiningar. Plassen som skal vera minst 1.5 daa skal gje rom for ballplass på 20 x 30 meter.
 - 4.3 Det må setjast av friareal i større bustadfelt og tettstader med maksimum avstand 300 m frå bustad.
 - 4.4 Tomt til barnehage og grendahus skal plasserast sentralt i bustadområda med 250 bustadeiningar eller meir. Det skal avsetjast 20 m² tomteareal pr. bustadeining.
 - 4.5 I område der det er regulert så stort tal bustadeiningar som nemnt under pkt. 4.2 – 4.4, men der desse ikkje vert utbygd samla, avgjer kommunen når anlegg av leikeplassar m.v. skal gjennomførast.
 - 4.6 Ved søknad om bustadforetak utanom regulerte strom skal kommunen i kvart einskilt høve søkja å tilpassa krava til areal for leik og anlegg for born og unge.
5. Etter at planane er godkjende av kommunen og byggjearbeida igangsett, pliktar eigaren (festaren)/utbyggjar å opparbeida arealet i samsvar med planane utan unødige opphald. Areal og anlegga skal haldast forsvarleg vedlike.
6. Ved tilrettelegging av bustadområde må det takast omsyn til kraftliner i området.